

# Velkommen

til Bømlo bu og helsecenter



Bømlo bu og helsecenter har eigen  
inngang for pasientar som kjem og reiser,  
merka med ambulanse/pasientinngang.  
Me ber dykk om å nytta denne.  
Inngangen kan og nyttast av besøkjande  
om det er tilstelling i hallen.

# Velkommen til oss!



(Foto: Magnar Langåker)

## Bømlo bu og helsecenter har tre avdelingar:

**Post 1** – langtidsavdeling med 34 plassar

**Post 2** – langtidsavdeling med 25 plassar

**KOR** – korttid – og rehabiliteringsavdeling med 16 plassar

**MÅLTID:**  
Alle avdelingane har eige postkjøkken, maten vert levert frå hovudkjøkkenet.

- Frukost ca. kl. 09.00.
- Middag ca. kl. 12.30  
(kl. 13.00 på Post 2)
- Kaffi ca 15.30.
- Kveldsmat ca.kl.18.30.

I tillegg får pasientane tilbod om frukt/drikke mellom frukost og middag, og «seinkvelds».

## ROM:

Alle rom er einerom med dusj/toalett. Ved langtidsplassane må pasientane sjølv halde TV. Ein må teikne abonnement på Altibox som ein betalar for sjølv. På KOR er det lagt inn TV ved alle rom. Alle rom har ein standard møblering med seng, nattbord og stol.

Pasientar ved langtidsavdeling kan ha med private møblar, men dette må avgrensast, grunna krav til reinhald og plass til å utføre naudsynt hjelpe. Teppe på golv er ikkje tillate grunna fare for fall/hyggiene.

Byte av rom/avdeling kan til tider vere naudsynt, og det vil då ligge ei fagleg avgjerd til grunn.

## TILSETTE:

På avdelingane er det tilsett sjukepleiarar, vernepleiarar, helsefagarbeidarar og assistenter. I periodar har me elevar og studentar i praksis og lærlingar som har læretida si hos oss.

## LEGE:

Kvar avdeling har kvar sin lege. Legane er tilstades ulike dagar, men det er stort sett lege på huset kvar dag.

Det vert gitt tilbod om pårørande-samtale ein gong i året. Dersom pårørande ynskjer samtale med lege utover dette, melder ein i frå til personalet.

## FYSIOTERAPI/ERGOTERAPI

Det er fysioterapeutar knytt til rehabiliteringsavdelinga der pasientane får trening/oppfylging. Ved korttid og langtidsavdelinga vert det rekvisert teneste ved behov.

## FRISØR/FOTPLEIAR:

Institusjonen har tilbod om frisør og fotpleiar – personalet hjelper til med timebestilling. Pasienten må sjølv betale for desse.

## **BESØK:**

Det er ikkje faste besøktider, og me ynskjer familie og vener velkomne på besøk når det måtte høve. Mykje besøk i felles stove kan uroe andre pasientar, og me ber difor at de tar besøket på rommet dersom det er andre pasientar på stova, eller om det føregår aktivitetar der.

Postkjøkken er kun for pasient og personale.

Pårørande må gjerne ta med pasienten heim, ut på tur, på arrangement og liknande. PS: Hugs å melde frå til personalet før de går.

## **VASK AV TØY:**

Kleda vert vaska på vaskeri, og må vera merka med namn ved innflytting. Institusjonen tek ikkje ansvar for tøy som ikkje er merka.

«Finare» tøy (ull) må gjerne takast heim for vask, då vaskeriet ikkje tar «finvask»

Ved korttids-/rehabiliteringsavdeling må pårørande ta med privat tøy for vask.

## **PASIENT:**

\* Alle pasientane får tildelt primærkontakt. Primærkontakten har hovudansvaret for pasienten og for å etablere gode samarbeidstilhøve til pasient og pårørande.

\* Ved innflytting til langtidsopphald i institusjonen skal Folkeregisteret ha melding om flytting på eige skjema. Denne meldinga må pasienten sjølv

eller pårørande fylle ut.

\* Ta med evt. hjelpemiddel som ein har fått frå hjelpemiddelsentralen.

\* Institusjonen er ansvarleg for all medikamenthandtering.

\* Toalettsaker utover det som institusjonen har i sitt sortiment, må pasienten kjøpe sjølv.

\* Pårørande har ansvar for innkjøp av klede og personlege gjenstandar.

\* Institusjonen er knytt til den offentlege tannhelsetenesta som utfører årlege kontrollar. Kontroll/behandling er gratis for langtidspasientane. Skade eller tap av tannprotese valda av pasienten sjølv, vert ikkje dekka av institusjonen.

\* Pårørande må fylgje sine til undersøkingar ved t.d röntgen, øyelege, poliklinikkar, tannlege og liknande grunna varierande kapasitet hjå personalet.

\* Røyking og bruk av levande ljos i institusjonen er underlagt særskilt reglar av omsyn til miljø- og branngryggleik. Ein kan difor ikkje røyke innandørs. Levande ljos kan erstattast med batterilys.

\* Institusjonen tek ikkje ansvar for verdisaker som ringar, smykker og liknande

## **TRYGGLEIK:**

Me set tryggleiken til våre pasientar og personale høgt. Det er ikkje tillate å ha med seg eigne ovnar/stålampar og anna elektriske artiklar som kan vere

ein brannrisiko. Alle, både familie og tilsette, må og sjå til at mobilladarar er tekne ut til natta.

## **AVISER OG POST:**

Institusjonen tingar ikkje avisar til pasientane. Dersom ein ynskjer avisar må desse tingast sjølv.

Post til pasientar med langtidsplass vert enten levert direkte til pasienten, eller det vert lagt i ei «postlomme» på innsida av klesskapet på pasienten sitt rom. Det er ynskjeleg at pårørande sjekker denne når ein er innom på besøk.

## **ØKONOMI:**

Pasientar som må ha hjelp til å ta hand om personleg økonomi treng verge. Eit verge kan vera eit familiemedlem, ein ven eller liknande. I nokre tilfeller kan det vera behov for profesjonell verge. Behov for verge må meldast til «Statsforvaltaren i Vestland». Ein finn meir om dette, samt skjema for innmelding på [www.vergemal.no](http://www.vergemal.no)

## **ANDRE TILBOD:**

- \* «Lyklingedamene» og Fiskarkvinnelaget Nordstjerna
- \* «Nabotreff» med Røde Kors
- \* Andakt kvar søndag
- \* Gudsteneste med nattverd 1 gong pr mnd
- \* Ved gudsteneste i Bremnes Kyrkje vert det sendt overføring direkte som pasientane kan fylgje på TV i fellesrom.
- \* Faste aktivitetstilbod har opphold i feriemånadane.

## Vår visjon

Bømlo bu og helsesenter skal vere ein open institusjon der pasientar, pårørande og tilsette skal vera trygge og trivast.

Pasientane og deira behov skal ivaretakast, og samarbeidet skal gjenspegle respekt, tillit og god kommunikasjon.

### Bømlo bu og helsesenter si målsetjing:

- Å gje eit individuelt omsorg- og behandlingstilbod som byggjer på respekt, tryggleik og livskvalitet i samarbeid med pasient og pårørande
- Ha fokus på høg kompetanse og utvikling



### Bømlo bu og helsesenter

Leirdalen 25, 5430 Bremnes

### Telefonar

Post 1	952 88 354
Post 2	952 30 827
KOR	415 67 631
Konsulent/kontor	456 14 305

# Me ynskjer deg hjarteleg velkommen til Bømlo bu og helsesenter

**Det du ser her -**

**det du høyrer her**

**La det bli her -**

**Når du går her i frå**



(Foto: Frå eit besøk av Salomonskogen barnehage)